

Justert innhald i SNR Kristiansund

Saksnr.	Utvalsnamn	Møtedato
88/20	Styret for Helse Møre og Romsdal HF	14.10.2020

Saksbehandlar: Helge Ristesund

Arkivreferanse: 2020/12927

Forslag til vedtak:

1. Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringa om justert innhald knytt til dei somatiske spesialisthelsetenestene i SNR Kristiansund til vitande.
2. Styret i Helse Møre og Romsdal HF ber adm. direktør primo 2021 kome tilbake med ei eiga sak som omhandlar flytting av BUP og vaksenpsykiatrisk poliklinikk til SNR Kristiansund.

Ålesund, 07.10.2020

Øyvind Bakke
adm. direktør

Saksutgreiing:

1. Formål med styresaka

Det vedtekne spesialisthelsetenesteinnhaldet i DMS Kristiansund, heretter SNR Kristiansund, vart fastsett i 2016. Hensikta med saka er å tilrå eit justert og oppdatert innhald i SNR Kristiansund, som tek høgde for relevant medisinsk utvikling og nye nasjonale og regionale føringar.

2. Bakgrunn

Helse Møre og Romsdal HF (HMR) vedtok konsept for Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR) i november 2016. Konseptet byggjer på ei deling av spesialisthelsetenester for innbyggjarane i Nordmøre og Romsdal mellom nytt akuttsjukehus på Hjelset og i SNR Kristiansund. Grunnleggjande føresetnadar for denne funksjonsdelinga var mellom anna:

- Den medisinsk faglege kvaliteten skal halde same standard begge stadar, og kriterium for faglege prioriteringar av pasientar skal vere felles.
- Pasientane sin rett til fritt behandlingsval ligg fast.
- Lokalisering av funksjonar skal innebere ressurseffektivitet og ikkje utløyse doble vaktordningar.
- Alle tilsette skal vere knytt til SNR.
- Personell skal kunne nyttast i begge lokalisasjonar innanfor gjeldande lov- og avtaleverk.

Konkret kan innhaldet i SNR Kristiansund slik dette vart vedteke i 2016 konkretiserast slik:

Bilettdiagnostikk

Det inneber tilbod frå alle modalitetar, dvs. konvensjonell røntgen, ultralyd, CT og MR.

Laboratorietenester

Dette gjeld prøvetaking, laboratorieanalyser og blodgiving.

Ortopedisk dagkirurgi

Gynekologisk dagkirurgi

Kirurgisk og ortopedisk poliklinikk

Gynekologisk poliklinikk

ØNH-poliklinikk (utført av avtalespesialist)

Hørsestilbod/hørselsentral

Hudpoliklinikk med lysbehandling

Medisinsk poliklinikk inkludert geriatrisk poliklinikk

Innanfor medisinsk poliklinikk er det til saman 8 ulike aktuelle greinspesialitetar.

Medisinsk dagbehandling

Dette gjeld i stor grad pasientar som treng infusjonar.

Cytostatikapoliklinikk

Dialysebehandling

Ambulansestasjon

Det er gjort egne vurderingar av potensialet innanfor alle dei ulike fagområda t.d. knytt til medisinsk poliklinikk. Dette må sjølvstendig konkretiserast og tilpassast den aktuelle situasjonen når det gjeld legespesialistar og anna nøkkelpersonell.

Med bakgrunn i oversikta ovanfor er det også gjort vurderingar av behov for areal til poliklinikkrom, dagplassar, operasjonsstover, oppvkningsplassar mv. i samsvar med vedteke innhald frå 2016. Samla er dette stipulert til om lag 5.500 m². I SNR-prosjektet er det avsett ei økonomisk ramme for bygningsmessege tilpassingar av lokala til SNR Kristiansund på 110 MNOK (januar 2020-kroner inkludert meirverdiavgift). Denne ramma skal dekke investeringar knytt til dei funksjonane som i 2016 vart vedtekne lagt til SNR Kristiansund.

Noverande Kristiansund sjukehus har eit samla areal på om lag 22.000 m².

3. Vurdering av eit utvida tilbod om spesialisthelsetenester i SNR Kristiansund

Innhaldet i SNR Kristiansund vart fastsett i 2016 etter ei vurdering av fleire verksemdsalternativ. Hovudprinsippet var at tilbod pasientar treng ofte (t.d. poliklinikk) bør ligge nært og tilbod ein treng sjeldan (t.d. dagkirurgi) bør kunne innebære større reiseavstand.

Sidan pasienttilbod stadig er i endring som følgje av medisinsk utvikling og dermed nye nasjonale og regionale føringar, er det etter fire år gjort ei ny vurdering av om det er aktuelt å endre og/eller utvide tilbodet i SNR Kristiansund. For å utgreie dette har to arbeidsgrupper levert sine tilrådingar vedr. oppdatert spesialisthelsetenestetilbod i SNR Kristiansund. Ei arbeidsgruppe har vurdert somatiske spesialisthelsetenester og ei arbeidsgruppe har vurdert spesialisthelsetenester innan psykisk helsevern og rus. Arbeidsgruppene har hatt brei samansetnad frå både Molde og Kristiansund sjukehus. Tillitsvalde og vernetenesta har vore representerte.

Arbeidsgruppa som har utgreidd **somatiske** tenester har arbeidd etter same *prinsipp, rammer og mandat* som låg til grunn ved vedtaket om konsept for SNR i 2016. Desse er:

- Polikliniske og dagtenester som pasientar treng ofte, kan med fordel vere lokalisert lokalt i SNR Kristiansund for innbyggjarane på Nordmøre.
- Tenester i SNR Kristiansund skal vere av same faglege kvalitet som ved akuttsjukehuset på Hjelset.
- Personell som arbeider på SNR Kristiansund er tilsett i SNR og skal som hovudprinsipp også arbeide på akuttsjukehuset.
- Spesialisthelsetenestene i SNR Kristiansund inneber ikkje akuttberedskap.

- Specialisthelsetenestene i SNR Kristiansund skal ikkje utløyse behov for doble vaktordningar eller døgnkontinuerleg turnus for helseføretakt sitt personellet ved SNR Kristiansund.
- Ev. nye tenester i SNR Kristiansund skal ikkje utløyse behov for nye store investeringar i ombygging eller MTU utover det som ligg i SNR-prosjektet og som er knytt til allereie vedtekne tilbod.
- Nye tenester skal resultere i gode og effektive pasientforløp og faglege og driftsmessege synergjar ved samlokalisering med kommunale tenester.
- Rekruttering og stabile fagmiljø er premissgjevande.

Arbeidsgruppa som har utgreidd tenester innan **psykisk helsevern og rusbehandling**, har arbeidd etter følgjande *prinsipp, rammer og mandat*:

- Faglege og driftsmessege synergjar ved lokalisering i SNR Kristiansund og samlokalisering med kommunale tenester.
- Rekruttering og kompetanse.
- Gode og effektive pasientforløp.
- Investeringsbehov i noverande lokalar og behov for bygningsmessege tilpassingar i DMS Kristiansund (inkl. arealbehov).
- Vere i samsvar med vedteke konsept for SNR inkl. SNR Kristiansund. Dette gjeld spesielt at tenester pasientar treng ofte med fordel kan vere i SNR Kristiansund og at etableringane ikkje skal utløyse behov nye vaktordningar eller behov for vaktberedskap både på SNR Kristiansund og akuttsjukehuset på Hjelset.

3.1 Utvida tilbod om somatisk spesialisthelsetenester

Arbeidsgruppa sine tilrådingar har vore drøfta i leiargruppa. Med bakgrunn i denne behandlinga vil det vere ønskeleg at helseføretaket i *tillegg* til det som vart vedteke i 2016, planlegg med følgjande somatiske spesialisthelsetenester i SNR Kristiansund:

Utvida ortopedisk tilbod

Dette gjeld elektiv ortopedisk kirurgi med hovudvekt på protesekirurgi for utvalde pasientgrupper der det vert forventa eit ukomplisert forløp. Planlagt ortopedisk kirurgi vil også finne stad på Hjelset, og multisjuke pasientar eller meir komplisert kirurgi der det er behov for overvaking skal behandlast på Hjelset.

Utvida tilbod innan elektiv ortopedi ved SNR Kristiansund bygger på prinsippet om vidareutvikling av det ortopediske fagmiljøet og den kompetansen ein allereie har ved Kristiansund sjukehus. Målsettinga er etablering av effektiv behandlingsline innan ortopedi som ikkje vert påverka av pasientar som treng omgåande hjelp. Dersom eit slikt utvida ortopedisk tilbod i ein skilde tilfelle resulterer i at pasientar må overnatte, skal helseføretaket ikkje etablere døgntilbod i eigen regi, men kjøpe overnattingstilbod i kommunale døgntilbod/tenester. Eit utvida ortopedisk kirurgitilbod føreset derfor at kommunen etablerer døgnplassar lokalisert saman med SNR Kristiansund. Sidan infrastruktur med operasjonsstover, sterilsentral osv. allereie er

på plass på Kristiansund sjukehus, vil ei utviding av ortopeditilbodet i liten grad utløyse behov for investeringar.

Tannbehandling i narkose

Fylkeskommunen v/fylkestannlegen er ansvarleg for den offentlege tannhelsetenesta. For ein del pasientar skjer tannbehandlinga i narkose på våre fire sjukehus. Dette er eit verdifult tilbod til einskilde sårbare pasientgrupper.

Fylkestannlegen er ansvarleg for sjølve tannbehandlinga, medan helseføretaket har ansvaret for ein del administrative oppgåver, narkosen og postoperativ oppvakning. Helseføretaket er i ferd med å inngå ny avtale med fylkestannlegen om denne tannbehandlinga i narkose. Avtalen sikrar at helseføretaket ikkje vert påført drifts- eller investeringskostnadar til denne tenesta.

Fylkestannlegen ønsker sterkt at denne tannbehandlinga til desse pasientgruppene vert vidareført i SNR Kristiansund. Risikoprofilen til den aktuelle pasient vi avgjere om tannbehandlinga skal skje på Hjelset eller i Kristiansund.

Barnetilbod

Innhald og omfang vert fastsett nærare tidspunktet for drift av akuttsjukehuset på Hjelset avhengig av samla tilgang på kompetanse i helseføretaket.

Poliklinisk tilbod med AMD-injeksjonar til augepasientar

AMD-injeksjonar vert nytta som behandling av netthinnesjukdommen aldersrelatert makuladegenerasjon, også omtalt som kalk på netthinna. Dette er ei aukande og eldre pasientgruppe. Sentral behandling er injeksjonar i auget. Desse injeksjonane vert gitt hyppig som ein serie, og er derfor godt egna til desentralisering til SNR Kristiansund. Ved Molde sjukehus har sjukepleiarar fått opplæring til å gjennomføre desse injeksjonane (jobbglliding). Slik ordning bør kunne etablerast også i SNR Kristiansund, men føreset augelege som fagleg ansvarleg.

Urologisk poliklinikk

Dette er ei stor pasientgruppe som bør kunne få tilbod både i SNR Kristiansund og ved akuttsjukehuset på Hjelset. Tilbodet må vere avgrensa til poliklinikk inkludert urodynamikk.

Nevrologisk poliklinikk

Dette tilbodet vert etablert ved Kristiansund sjukehus i løpet av våren 2021 og vidareført inn i SNR Kristiansund.

Screeningsenter mot tjukk- og endetarmskreft

Norge vedtok i 2017 at det skal innførast screeningprogram mot tjukk- og endetarmskreft. Hensikta er å oppdage kreft og forstadium til kreft før symptom oppstår. Dette igjen for å betre prognosen og fjerne forstadium og dermed hindre kreftutvikling. Det nasjonale screeningprogrammet vert gradvis utrulla frå 2021. Kreftregisteret skal ha det administrative ansvaret for screeningprogrammet. Helseføretaket sitt fagnettverk innan gastroenterologi tilrår at det vert etablert to slike screeningsenter i fylket, eit i Ålesund og eit i Kristiansund. Investeringskostnadane med etableringa av eit slikt senter vert finansiert via nasjonale øyremerka midlar.

Utadretta/ambulante tenester innan geriatri

Det vart i 2016 gjort vedtak om at det skal vere geriatriisk poliklinikk i SNR Kristiansund. På Nordmøre har ein med utgangspunkt i Kristiansund sjukehus lang erfaring med at geriatriiske tenester vert gitt i form av utadretta/ambulante tenester. På Nordmøre er dette kjent som *områdegeriatri*, og det er viktig å ivareta den kompetansen og det fagmiljøet ein i dag har innan geriatri ved Kristiansund sjukehus. Helseføretaket ser det som viktig at eit slikt tilbod vert vidareført og utvikla til å gjelde heile fylket.

Tilbod om palliative tenester

Eit viktig og verdifullt tilbod til ei veksande pasientgruppe, som både spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta vil ha nytte av. Dermed er dette tilbodet også ein viktig samhandlingsarena for kompetanseutvikling på tvers av forvaltningsnivå med pasienten i sentrum. Tilbodet er ikkje arealkrevjande.

Tilbod frå klinisk ernæringsfysiolog

Behovet for denne tenesta er aukande, og det er ein viktig støttefunksjon for mange fagmiljø. Eit poliklinisk tilbod frå klinisk ernæringsfysiolog vil vere ein del av det eit felles fagmiljø ved SNR.

Tilbod om logopeditenester

I spesialisthelsetenesta er denne tenesta spesielt viktig for t.d. slagpasientar og pasientar med nevrologiske sjukdommar. Ein stor del av logopeditilbodet er kommunalt, og eit tilbod i SNR Kristiansund føreset samarbeid med kommunar.

Pusterom (treningscenter for kreftpasientar)

Dette er allerede etablert som eit tilbod ved Kristiansund sjukehus og noko som heilt naturlege må vidareførast. Pusterom er eit treningscenter der kreftpasientar under rettleiing og i trygge rammer kan trene under og etter kreftbehandling. Investeringane av alle pusteromma i landet, inkludert pusterommet i Kristiansund, er gjort av stiftinga «Aktiv mot kreft». Dette innebar bygningsmessege tilpassingar og treningsutstyr. I oppstartsfasen fekk også HMR midlar til drift av pusterommet.

Tilbod innan læring og meistring

Pasient- og pårørandeopplæring er eit lovpålagt tilbod som spesialisthelsetenesta skal tilby. Dette er tilbod som bør vere desentralisert i tråd med nærleiksprinsipp, og dermed bør vidareførast i SNR Kristiansund. Tilbod innan læring og meistring er allerede etablert.

3.2 Spesialisthelsetenester innan psykisk helsevern og rus

Så langt er det ikkje planlagt med spesialisthelsetenester innan psykisk helsevern og rus i SNR Kristiansund. Arbeidsgruppa sine tilrådingar har vore drøfta i leiargruppa. Med bakgrunn i denne behandlinga bør det vere ei målsetting å flytte følgjande spesialisthelsetenester innan psykisk helsevern til SNR Kristiansund:

Psykiatrisk poliklinikk til voksne

Dette tilbudet er i dag lokalisert i eige bygg ved Solhagen, og bygget har eit stort vedlikehaldsetterslep. Ved flytting har vaksenpsykiatrisk poliklinikk behov for eit areal på om lag 1.350 m². I det vidare arbeidet vil det være sentralt å få frem kostnaden knytt til å tilpasse bygget for innflytting samt alternativ kostnad i form av vedlikehald ved å bli værande.

Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP)

BUP delvis eig og leiger areal i Sykehusgata 2 og Konsul Knutzons gate 8, like ved sjukehuset. Ved flytting har BUP behov for eit areal på om lag 950 m².

4. Administrerende direktør si vurdering

4.1 Somatikk

Dei somatiske tenestene som det er gjort greie for i saka, utfordrar ikkje hovudkonseptet som ligg til grunn for planlegginga av SNR inkludert SNR Kristiansund. Desse tenestene vil betre det medisinske tilbudet for befolkninga i Nordmøre og Romsdal. Dette inneber at det ikkje skal etablerast akutt beredskap, doble vaktlag for legar eller døgnkontinuerlig turnus. Tilboda er godt egna for desentralisering og rettar seg mot relativt store pasientgrupper. Det utvida somatiske tilbudet vil også i mindre grad utløyse behov for areal, utstyr og ombyggingar. Den økonomiske investeringsramma knytt til SNR Kristiansund, som ein del at det totale SNR-prosjektet ligg fast, og denne vert såleis ikkje auka som konsekvens av eit utvida somatisk tilbod i SNR Kristiansund. Ramma er på 110 MNOK (januar 2020-kroner inkludert meirverdiavgift). Det inneber at dei ev. bygningsmessege tilpassingane som må gjerast som følgje av eit utvida somatisk tilbod, må skje innanfor denne ramma.

I tillegg til dei tilboda det er gjort greie for i saka, har arbeidsgruppa somatikk også vurdert dagkirurgi innan øyre, nase, hals og innan urologi. Adm. direktør vurderer at det kan vere aktuelt å ta dette opp til ny vurdering når ein har betre oversikt over tilgangen på aktuelle legespesialistar ved oppstart av akuttsjukehuset på Hjelset. Ein må også på eit seinare tidspunkt vurdere om revmatologisk poliklinikk skal etablerast ved akuttsjukehuset på Hjelset eller i SNR Kristiansund.

Organiseringa og lokaliseringa av dei somatiske spesialisthelsetenestetilboda samla i SNR må uansett basere seg på robuste fagmiljø og tilpassast den aktuelle rekrutteringssituasjonen.

4.2 Psykisk helsevern og rus

Når det gjeld tenester innan psykisk helsevern, så vil dette vere tenester med stor synergieffekt opp imot dei kommunale tenestene som Kristiansund kommune etter behandling i bystyret 01.10.20 planlegg samlokalisert med SNR Kristiansund. Tenester frå vaksenpsykiatrisk og barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk inngår ikkje som ein del av SNR-prosjektet, og ei ev. flytting av desse tilboda inn i SNR Kristiansund er såleis ikkje finansiert. Kostnadane her vil vere tilpassing av areal som i dag vert nytta til somatikk, til eigna areal for psykiatrisk poliklinikkaktivitet. Samla areal som til ein viss grad må tilpassast ny aktivitet er på om lag 2.300 m². All

oppgradering og tilpassing av dette arealet må primært finansierast ved sal av aktuell bygningsmasse i Kristiansund.

Med bakgrunn i faglege synergjar og framtidige behov for vedlikehald av bygningsmasse, rå adm. direktør til at ein flyttar vaksenpsykiatrisk poliklinikk og BUP frå sine noverande lokalar og inn i SNR Kristiansund. Føresetnaden er at dei økonomiske vurderingane sikrar finansiering.

Ved ei ev. flytting av døgntilbodet frå DPS Nordlandet vil behovet for bygningsmessege tilpassingar og oppgraderingar vere omfattande. Dette både for å tilpasse lokala i noverande Kristiansund sjukehus til ei heilt ny pasientgruppe med spesielle behov og at arealbehovet er omfattande (1.500 m²). Det er heller ikkje avgjerande at døgntilbod og poliklinikk er samlokalisert (jfr. situasjonen i Ålesund). Adm. direktør vurderer det derfor at det ikkje er aktuelt å flytte døgntilbodet frå DPS Nordlandet til SNR Kristiansund.